

Sunde bitmynthandel
Sørstrandvegen 6
6900 Florø

Florø, 4. april 2015

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 Oslo

Høyringsfråsegn til NOU 2014:13 Kapitalbeskatning i en internasjonal økonomi

Om Sunde bitmynthandel og bitmynt.no

Underteiknande har drive med veksling mellom bitcoin og norske kroner sidan 2010, og gjorde det til levebrød i 2014. Dessverre er det ingen som per i dag har oversikt over alle dei skattemessige konsekvensane av slik veksling, og eg anar ikkje om eg per i dag er i null eller skuldar hundre millionar kroner i meirverdiavgift. Det er heller ingen skatteadvokatar som kan gi eit klårt svar på dette. Det er heilt avhengig av kva Skattedirektoratet finn på, basert på deira tolkningar av setningar i gamle forarbeid til ulike lover frå lenge før bitcoin var påtenkt.

Eg ynskjer at Finansdepartementet og Stortinget gjennom desse forarbeida til ei revidert mva-lov, eller i sjølve lova, kan klårgjere korleis bitcoin og kryptovaluta, samt finansielle tenester basert på desse, stiller seg jamfør annan valuta når meirverdiavgift og eventuelle nye/andre avgifter skal utrekna.

Meirverdiavgift på finansielle tenester og bitcoin

I november 2013 innførte Skattedirektoratet meirverdiavgift på veksling av norske kroner til bitcoin, og dermed dobbel meirverdiavgift ved betaling med bitcoin. Bitcoin er eit digitalt betalingsmiddel utan eigenverdi. Bitcoin har ingen andre vanlege bruksområde enn som betalingsmiddel, og skulle normalt falle under fritaket for mva for omsetning av betalingsmiddel og betalingsformidling gitt i mva-lova §3-6. Skattedirektoratet viser til at bitcoin fell utanfor den presise definisjonen av betalingsmiddel gitt i forarbeid til mva-lova og finansavtalelova frå lenge før konseptet bitcoin var påtenkt, og meinat difor at bitcoin er ei *teneste*.

Av merknadene til mva-lova i Ot.prp.nr. 2 (2000-2001) står det rettnok at opprekninga av finansielle tenester i §3-6, tidlegare §5 b nr 4, ikkje er meint å vere uttømmande, men at ordlyden er meint å gi rom for nye tenester. Det vert presisert at det er arten av tenesta som er unntake meirverdiavgift. Dette tolkar Skatteetaten til at berre konsesjonspliktige tenester er friteke, og dei fell dermed ned på den same definisjonen som er nemnt direkte i forarbeida. Merknaden er dermed innhaldslaus.

Sidan alt Skattedirektoratet og Skatteetaten baserer seg på, er forarbeid til gamle lover, vonar eg at dette kan rettast opp i nye forarbeid til denne revisjonen av mva-lova.

Dobbel meirverdiavgift med frådragsrett og full forvirring

Det synest veldig klårt at lovgjevarane ikkje tok høgde for meirverdiavgift på betalingsmiddel då lova vart utforma. Tilstanden no er absurd. Ein som ynskjer å betale noko med bitcoin, og vekslar til seg bitcoin i Noreg, må betale dobbel meirverdiavgift på vara. Først 25% mva på

betalingsmiddelet, deretter 25% mva på vara når denne kjem til landet¹. Totalt 50% mva.

I etterkant kan vedkommande trekkje frå meirverdiavgifta på skatten. Prinsipputtala frå Skattedirektoratet seier:

Skattedirektoratet legger til grunn at bitcoins er et formuesobjekt, og skatteloven bestemmer at gevinst ved salg av formuesobjekter er skattepliktig inntekt. Dette betyr at gevinster som oppstår ved at verdien av bitcoins er lavere ved kjøp enn ved salg vil være skattepliktig inntekt, og at tap som følge av at verdien av bitcoins er høyere ved kjøp enn salg vil være en fradagsberettiget kostnad.²

Sidan kunden her får 25% mindre att for bitcoina når han betaler med dei, enn han betalte når han kjøpte dei minuttet før, kan han trekkje frå meirverdiavgifta på skatten. Meir dersom han meinat at vara er verd mindre enn han betalte. Her har Skattedirektoratet gjeve godt rom for skjønn.

Skatteetaten har ingen måte å kontrollere opplysningane på. I praksis kan ein lett trekkje frå for mykje på tap, samstundes som ein ikkje oppgjev forteneste. Mva-svindel er òg veldig enkelt med dagens system. Danmark har løyst problemet ved å halde bitcoin heilt utanfor skattesystemet. I Danmark er det ingen skatt ved gevinst, og heller ingen frådragsrett ved tap, når ein handlar med bitcoin. Dei har sjølv sagt heller ikkje meirverdiavgift på bitcoin.

Den doble meirverdiavgifta er triviell å unngå ved å veksle til seg bitcoin i utlandet. Den særnorske avgifta er dermed sterkt konkurranseridande, og gjer det i prinsippet umogeleg å handle med bitcoin i Noreg. Heldigvis finst det mange smutthol. Ein treng ikkje handle med bitcoin direkte, men til dømes selje ein rett til å ta ut bitcoin som tilhører ein utanlandsk børs. Korvidt det er meirverdiavgift eller ikkje på omsetning av ein slik rett, er ukjent – det spørsmålet jobbar Skattedirektoratet framleis med. Her vert ingen teneste utført før kunden evt tek ut bitcoin frå den utanlandske børsen, og då er det berre børsen som kan rekne ut meirverdiavgifta. Dette er uansett veldig hemmende for utvikling av næringa i Noreg, det medfører høg risiko, og gjer at dei utanlandske børsane tek ein stor del av fortenesta.

Av alle land i verda er Noreg, Estland og Australia åleine om å ha innført meirverdiavgift på bitcoin. I Australia arbeider parlamentet med å revidere lova. Estland ventar på ei avgjerd i EU-domstolen. Avgjerda er venta før sommaren. Nokre få EU-land har meirverdiavgift på gebyr ved omsetning av bitcoin. Dette skal EU-domstolen avgjere om er lov etter meirverdiavgiftsdirektivet i EU. Dermed har vi ei særnorsk avgift som ikkje gjev staten anna enn utgifter i form av mykje meiarbeid for Skatteetaten, mindre skattar og avgifter, og i tillegg stikk kjeppar i hjula for norsk næringsliv.

Det herskar framleis full forvirring om mange av dei skattemessige konsekvensane av bruk av bitcoin. Eg har det siste året eksperimentert med mikrolån i bitcoin, men korkje Skatteetaten eller Skattedirektoratet kan svare på korleis rentefrådraget skal førast. Skal meirverdiavgifta av rentene førast som ein del av rentefrådraget eller trekkjast frå i ein annan post?

Bitcoin og forbruk

Det står i alle forarbeid til mva-lova at meirverdiavgift skal vere ei generell forbruksavgift. Det

¹Norske firma vegrar seg mot å ta imot bitcoin som betalingsmiddel pga mva-reglane.

²<http://www.skatteetaten.no/no/Radgiver/Rettskilder/Uttalelser/Prinsipputtalelser/Bruk-av-bitcoins-skatte-og-avgiftsmessige-konsekvenser/>

vil difor vere naturleg å legge meirverdiavgift på alt forbruk, men her er det viktig å definere kva forbruk er.

Tenester, både elektroniske og andre som mva-lova dekkjer, vert normalt forbrukt. Korkje teljarstega eg brukte i mars, Spotify-abonnementet mitt frå 2008 eller ettersynet av det elektriske anlegget ein elektrikar gjorde i huset mitt i fjor haust, kan seljast vidare. Det gjev ikkje mening. Tenestene er forbrukt. Dei har ein sluttbrukar.

Ein bitcoin kan derimot ikkje forbrukast, berre skifte eigar. Det finst ingen sluttbrukar. Bitcoin mister ingen verdi ved bruk. Han er framleis verd ein bitcoin etter å ha skifta eigar uendeleg mange gonger, nett som ei krone er verd ei krone etter å ha skifta eigar. Sidan bitcoin ikkje vert forbrukt eller endrar verdi ved bruk, bør bitcoin liggje utanfor meirverdiavgiftsområdet akkurat som andre betalingsmiddel. I den grad det skjer eit forbruk ved omsetninga, til dømes i form av vekslingsgebyr eller kursmargin, vil det vere naturleg å ha same avgift på det som for andre betalingsmiddel. Dersom ein innfører marginavgift og meirverdiavgift på finansielle tenester, er det naturleg at denne òg gjeld for bitcoin og bitcoin-baserte betalingstenester.

Oppsummering

Bitcoin har dei same eigenskapane som andre betalingsmiddel, og deler ikkje den eigenskapen med tenester at dei kan forbrukast. Det vil difor vere naturleg å inkludere bitcoin og kryptovaluta generelt i definisjonen av betalingsmiddel ved ein revisjon av mva-lova, og handsame desse likt med betalingsmiddel, slik det er i nesten alle andre europeiske land. Dette vil og gi momentant svar på ei heil rekke spørsmål rundt skattemessige konsekvensar av bitcoin-bruk, og sannsynlegvis spare fleire stillingar i Skattedirektoratet. Eg ventar framleis på svar i saker som daterer seg heilt attende til 2011, og har endå ikkje fått dato for – eller avslag på – eit møte eg ba om i oktober 2013.

Med helsing

Sturle Sunde
Sunde bitmynthandel